

STREIF

Samfunnsfag for videregående

7 Demokrati



Kva er eit demokrati?

- *Folkestyre*: fleirtalet har avgjerande innverknad.
- *Direkte demokrati*: folket deltek direkte i folkeavstemmingar.
- *Indirekte/representativt demokrati*: folket har stemmerett og vel personar som representerer dei.

Kjenneteikn ved demokrati

- Frie, hemmelege val med allmenn stemmerett.
- Fleirtalet avgjer, men mindretalet (opposisjonen) får uttrykkje synet sitt .

Kjenneteikn ved demokrati

- Respekt for menneskerettar som organisasjons- og ytringsfridom.
- Allmenn rettstryggleik.

Menneskerettane

«Alle menneske er fødde til fridom og med same menneskeverd og menneskerettar. Dei har fått fornuft og samvit og skal leve med kvarandre som brør.»

Verdsfråsegna om menneskerettane, vedteken av FN i 1948.

Menneskerettane

Sivile og politiske rettar:

- Rett til liv.
- Rett til tryggleik.
- Rett til integritet.
- Rett til fridom.
- Rett til rettstryggleik.
- Rett til privat- og familieliv.
- Rett til meinings-, ytrings- og tankefridom.
- Rett til religionsfridom.
- Rett til forsamlings- og foreiningsfridom.
- Rett til å røre seg fritt.
- Rett til å vere med i styret av landet sitt (stemmerett og frie val).
- Fridom frå tortur og slaveri.

Menneskerettane

Sosiale, økonomiske og kulturelle rettar:

- Rett til arbeid.
- Rett til å danne og delta i fagforeining.
- Rett til å streike.
- Rett til ein tilstrekkeleg levestandard.
- Rett til trygd ved arbeidsløyse og sjukdom.
- Rett til bustad.
- Rett til utdanning.
- Rett til å ta del i kulturelle aktivitetar.
- Rett til å drive vitskap.
- Rett til vern av eige arbeid (opphavsrett).

Rettsstaten

- Ein stat som sikrar dei juridiske rettane til innbyggjarane og vernar dei mot overgrep frå styresmaktene:
 - Lover regulerer rettar og seier kva som er straffbart.
 - Lovene blir vedtekne av folkevalde organ.
 - Lover kan ikkje ha tilbakeverkande kraft.
 - Ingen kan dømmast utan rettssak.
 - Domstolane er uavhengige.

Udemokratiske demokrati?

- Låg valdeltaking.
- Ufrie val:
 - Èin kandidat.
 - Fusk og valdsbruk.
 - Analfabetisme.

Udemokratiske demokrati?

- Avgrensa ytringsfridom og organisasjonsfridom.
- Sosial nød, konflikter og ustabilitet.
- Korrupsjon.

Diktatur

- Fåtalsstyre:
 - Fleirtalet utan innverknad på dei politiske avgjerdene eller på kven som skal ta desse avgjerdene.
 - Undertrykking av politisk opposisjon.
- Kan ha demokratiske trekk:
 - Økonomiske rettar.
 - Sivile rettar.

Diktatur

- Kan ha demokratiske trekk:
 - Økonomiske rettar.
 - Sivile rettar.

Korleis kan vi sikre og utvikle demokratiet?

- Styresmaktene må sikre menneskerettar og rettstryggleik for borgarane.
- Borgarane må ta del i diskusjonar og avgjerdsprosessar.
- Sivil ulydnad?